



SULA KOMMUNE

# KLIPP HEKKAR OG BUSKER

Informasjon om stell og pass av vegetasjon mot offentleg veg



**– Tenk trafikktryggleik!**

## **HAR DU TENKT PÅ AT GJERDET, HEKKEN OG BUSKENE DINE KAN VERE EI DØDSFELLE FOR ANDRE?**

Om bilistar ikkje ser kva som gøymer seg bak hekken på hjørnet og i vegkryss, kan ulukka vere ute. Ein bil kan køyre på, skade eller drepe mjuke trafikantar. Mest utsett er små barn og eldre personar som oppheld seg i vegkanten, eller som skal krysse vegen. Alvorlege personskader, tragiske dødsulukker og store materielle skader kunne ein kanskje unngå om du som eigar av eigedom passar på at hekk, busker, tre og anna på din eigedom ikkje hindrar sikt og kan vere årsak til ulukker.

## **TRAFIKKTRYGGLEIK ER DITT ANSVAR**

At den som køyrer er varsam og merk-sam på at små barn kan dukke fram bak ein parkert bil, eller brått dukkar opp ved fortauet, er sjølvsagt bra.

Men pass og på at gjerdet ditt, hekken din, dine busker, dine tre og anna på din eigedom ikkje hindrar sikt slik at barn og andre trafikantar kjem i fare.

**HUGS** at hekken, buskene og trea veks heile tida.

Nokre veker etter at du har klipt og stelt må du nok ut og stusse på ny.

...BILISTANE FÅR SJÅ...



## DET ER VIKTIG Å HA GOD SIKT

Det offentlege brukar mykje pengar på å bygge og vedlikehalde vegar, fortau og sykkelstiar for at alle skal ferdast trygt. Pass difor på at du ikkje «stel» av dei offentlege områda ved å la hekkar og busker vekse ut over grensene for din eigedom! Gjerde eller hekk skal stå min. 1,5m frå vegkant, eller stå slik regulert frisiktsone tilsei.

Ta deg ein tur rundt eigdommen din. Klipp hekk og busker og sørg for god sikt for trafikantane.

**OBS!** Hekkar, busker og gjerder må ikkje vere høgare enn 50 cm ved vegkryss og ved utkjørslar.

**HJELP OSS  
å auke trafikktryggleiken  
og redusere risikoen  
for trafikkulukker i  
DITT NÆRMILJØ!**

## EIN GOD REGEL ER:


Ta ein tur med bilen din forbi eigedomen din. Prøv å kalkuler kor langt frå hjørne eller utkjørsel du må klippe hekken ned til 50 cm for å kunne sjå eit barn på trehjulssykkel frå alle retningar. Når ein bil er i fart, skal bilen kunne stanse på ein tredjedel av avstanden mellom bilen og barnet. (sjå skisser lenger bak.)



...KVA SOM SKJULER SEG!



## NÅR AVKJØRSEL MUNNAR UT I SAMLEVEG



Høgda på hekk og gjerde må ikkje overstige 50 cm over gateplan. Hekk og gjerde kan flyttast ut av sona for fri sikt, merka med raud stipla strek. Det må vere fri sikt 4 meter inn i ei avkøyning. Ved stamveg må fri sikt vere 24, 50 eller 60 meter alt etter fartsgrensa på staden.

## NÅR AVKJØRSEL MUNNAR UT I BUSTADVEG I TETTBYGD OMRÅDE



Det må vere fri sikt 2 meter inn i avkøyning. I veg i bustadfelt med fartsgrense 30 km/t må fri sikt vere 5 meter.


## NÅR AVKJØRSEL KRYSSAR GANG- / SYKKELVEG



Det må vere fri sikt 3 meter inn i avkøyning. Mot gang- / sykkelveg må det vere 20 – 30 meter, avhengig av stigning på vegbana.

- Avkjørsel – Køyrbar tilknytning til vegnettet ein eigedom eller eit avgrensa tal eigedommar.
- Bustadveg – Veg som gjev tilkomst til bustadar.
- Samleveg – Sambindingsveg mellomtilkomstveg og hovudveg i eit differensiert vegsystem.
- Hovudveg – Overordna veg i eit trafikkdifferensiert vegsystem

## NÅR BUSTADVEG MUNNAR UT I SAMLEVEG



Høgde på hekk og gjerde må ikkje vere meir enn 50 cm over gateplan. Hekk og gjerde kan flyttast ut av sona for fri sikt, merka med raud stipla strek. Det må vere fri sikt 10 meter inn i bustadveg. I samlevog må det vere fri sikt 30, 60 eller 75 meter avhengig av fartsgrensa på staden.

## NÅR DU HAR TRE UT MOT KØYREFELT



Greinene må ikkje henge lågare enn 4,7 meter over vegbana. Over fortau må ikkje greinene henge lågare enn 2,5 meter på snøtynga tre. Hekk og busker må ikkje vekse ut over grensa for eigedommen.

## FLYTT HEKKEN INN PÅ TOMTA..



..og plant blommar og låge planter i sona for fri sikt. Du kan heller plante busker lenger inne på tomta om du vil vere meir usjenert og hindre innsyn.

### Reglar for fri sikt

Hekk, busker og tre må ikkje gøyme vegmerking, trafikkskilt, skilt med gatenamn, skilt med lys eller veglys. Hugs at alle skal kunne sjå eit barn på trehjuls sykkel frå alle retningar, og kunne stoppe på tredjedelen av avstanden mellom køyretøyet og barnet.

Reglar for fri sikt seier kor mange meter lengde frå vegkryss og liknande du må klippe hekk og busker ned til 50 cm. Du kan flytte hekken inn på tomta utanfor frisisiktsona. Sjå eksempla på frisisiktsoner, merka med raud stipla strek på teikningane.

Krav til frisisiktsoner er heimla i Veglova og merka av i reguleringsplanar. Krava varierer med type veg, trafikkmengde og fartsgrense.

ring Sula kommune, telefon 70 19 91 00 og spør om du er i tvil.

# TIPS OSS OM TRAFIKKFELLER! DET KAN SPARE LIV



Sula kommune • PBD  
Postboks 280, 6039 Langevåg  
Telefon 70 19 91 00

**NO SJEKKAR VI VEGNETTET I SULA.  
– TAKK FOR AT DU KLIPPER HEKKEN OG BUSKENE DINE.**